

NYHEITSBREV FRÅ FOLKORG

FOLKORG • JANUAR 2023

Vi ønskjer dykk alle eit godt nytt år!



Laurdag 11. februar sparkar vi i gang jubileumsåret med konsert og dansefest på Riksscena!

Velkommen til festkveld!

Andre datoar å merke seg:

15.01	FRIST FOR Å SENDE INN SAKER TIL LANDSMØTET 2023
15.01	FRIST FOR Å NOMINERE KANDIDATER TIL HEIDERSMEDLEM I FOLKORG
23.02	ÅRETS FØRSTE LOKALLAGSKAFFI PÅ TEAMS
25.01	SØKNADSRIST FOR REKRUTTERINGSMIDLAR FRÅ DEXTRA MUSICA
01.02	FRIST FOR Å NOMINERE KANDIDATER TIL FOLKORGS ELDSJELPRIS 2022/2023
11.02	100-ÅRSJUBILEET STARTAR MED FESTKVELD PÅ RIKSSCENEN!
15.02	FRIST FOR Å SENDE INN ENDRING AV LOKALLAGSKONTINGENTEN
28.02	SØKNADSRIST FOR KULTURFELLESKAP MED UKRAINSKE FLYKTNINGAR



Velkommen til årets første lokallagskaffi!

Måndag 23. januar inviterar vi til årets første lokallagskaffi på teams. Vi vonar mange vil vere med, slik at vi alle kan få nytte og glede av samarbeid på langs og på tvers! Alle som har verv i eit lokallag eller områdelag er velkommen! Les meir og meld deg på www.folkorg.no

Vi tek gjerne i mot innspel til tema, spørsmål de vil handsame eller tankar tips og ideear til korleis vi betre skal kunne arbeide for vår felles organisasjon framover.

www.folkorg.no

Folkemusikken og folkedansens år!



Kven vert heidersmedlem i 2023?

Det er styret i FolkOrg som utnevner nye heidersmedlem i FolkOrg.

Alle kan sende inn forslag til kven som skal verta utnemnd som heidersmedlem i organisasjonen vår.

Ønskjer du å foreslå nokon, så send oss gjerne ein velbegrunna nominasjon på epost til linda@folkorg.no

**Fristen for å nominere kandidatar er:
15. januar 2023!**

FolkOrgs eldsjelpriis 2022/2023

I Noreg har vi svært mange eldsjeler i folkemusikk- og folkedansmiljøet, og no ønskjer vi å heidle desse som legg ned store mengder frivilljugt arbeid!

FolkOrg deler difor ut prisen FolkOrgs eldsjelpriis, til ros og påskjøning.

Med denne prisen ønskjer vi å setje fokus på alt det gode arbeidet som vert lagt ned i små og store lag og miljø landet over. Prisen skal gå til ein person som har utmerkt seg gjennom sitt engasjement og sin innstats for folkemusikken og/eller folkedansen i Noreg, og som i stor grad har støtta opp med friviljug arbeid gjennom tida mellom to landsmøter i FolkOrg.

FolkOrg ønskjer å gje denne prisen til ein person som med sine positive haldningar, sin inkluderande veremåte og ekstraordinære innsats er med på å skapa eit godt og trygt miljø for folkemusikk- og folkedansinteresserte i alle aldrar.

Dersom du kjenner ein person som passar til denne beskrivinga, kan du nominere vedkommande som kandidat til å motta FolkOrgs eldsjelpriis for 2022/2023

Frist for å sende inn forslag til prisen er 1. februar 2023.

Prisen vert delt ut på Landsmøtet i FolkOrg i april 2023.

Send forslag med grunngjeving til post@folkorg.no innan 1. februar 2023!

Folkemusikken og folkedansens år!

Landsmøte i FolkOrg

21. - 23. april 2023

Velkommen til innhaldsrik landsmøtehelg i jubileumsåret.
Vi feirar med festmiddag, konsert og dansefest!

I sjølvaste 100-årsjubileumsåret 2023 vil FolkOrgs
landsmøte finne stad i Oslo 21.-23. april.

Vi har reservert overnatting på Anker Hotel.

Vi går i Myllargutens fotspor og vil difor ha landsmøtet,
festmiddag og dansefest i ærverdige Gamle Logen.

Alle medlemmer i FolkOrg har talerett på Landsmøtet
og anledning til å sende inn saker til handsaming.

**Meld inn saker til Landsmøtet
innan 15. januar 2023**

Saker sendes til styret på e-post: post@folkorg.no



På nettsida vår kan du lese reglane
for utsendingar, sjå kven som sit i styret,
lese protokoll frå sist landsmøte,
sjå kven som er i valnemda med meir.

<https://folkorg.no/landsmote-i-folkorg-2023/>



**2023 er
FOLKEMUSIKKEN OG
FOLKEDANSENS ÅR!**

Jubileumskalender på nett og APP!

Vi ønskjer å samle alle folkemusikk- og folkedansarrangement i jubileumsåret 2023 i ein felles arrangementkalender!

Om du vil at ditt arrangement skal med i den nye jubileumskalenderen så send oss tidspunkt og stad, illustrasjonsbilete og gjerne lenke til meir informasjon.

Send e-post til info@folkorg.no

Noko av alt som skal skje i jubileumsåret:

11. februar: Opning av jubileumsåret på Rikscenen

21.-23. april: Landsmøtehelg i FolkOrg

13.-15. oktober: Jubileumshelg i Bergen

**14. oktober:
Jubileumskonsert i Grieghallen**

www.folkorg100år.no

Medlemskontingent i lokallaget

Endring i lokal kontingent?

Om laget har endring i sin lokale kontingent for 2023, så er det viktig å gje oss melding om det. Dersom det ikkje er endring, legg vi til grunn same kontingent-sats i år som i 2022.

Endringar på medlemslista?

Det er også viktig å få inn andre endringar til medlemslista dersom det er endringar i laget. Til orientering nemner vi at den sentrale delen av kontingenten ikkje blir endra i 2023.

Referat frå årsmøta i lokallaga

Hugs å sende inn referat frå årsmøta, og hugs å registrere nye tillitsvalde i StyreWeb, ta gjerne kontakt med oss dersom de har spørsmål!

NB! Frist for å sende inn endring av kontingenten er 15. februar

Ta gjerne kontakt med Jorun i FolkOrg jorun@folkorg.no / 22 00 56 22

Ledig stilling

Har du lyst til å arbeide med
Folkelarm og yrkesutøvarane i FolkOrg?

Søknadsfristen er 20. januar

Dextra Musica og rekrutteringsmidlar!

Kva kan det søkjast støtte til?

Nye og eksisterande rekrutteringsprosjekt for born og unge innan folkemusikk og folkedans i Noreg som har ein viss storleik.

Kreativitet

Vi oppmodar søkjarane til å tenkje kreativt og nyskapande. Skap gjerne prosjekt som samarbeider med ulike aktørar på feltet.

**Vi ser fram til å ta imot mange
spanande søknader!**

Søknadsfristen er 25. januar

**Les meir om midlane og
korleis de kan søkje her (lenke)**



DEXTRA





**Kulturfellesskap med
ukrainske flyktninger**

Søk om støtte til inkluderingsaktiviteter!

Ordningen varer til 23. juni 2023

Søknadsfristen er: 28. februar

Har dere lyst til å bidra til at ukrainske flyktninger kan få en bedre hverdag? Frivillige kulturorganisasjoner og -lag, som ønsker å inkludere flyktninger fra Ukraina, kan søke om tilskudd til sine inkluderingsaktiviteter.

Inkluderingsprosjektet Kulturfellesskap med ukrainske flyktninger har en støtteordning for organisasjoner og lag i det frivillige musikk- og kulturliv som vil inkludere flyktninger i sine aktiviteter. Formålet med ordningen er at den skal styrke flyktingenes livskvalitet og bidra til inkludering i lokalsamfunnet gjennom deltagelse i musikk- og kulturaktiviteter.

Vi gir støtte til både små og store tiltak. Kanskje dere skal ha arrangement, kulturkveld eller en annen samling hvor det kunne passe å invitere ukrainske flyktninger i tiden fremover? Det kan også være en åpen øvelse eller liknende. Dere kan søke om støtte til tolk, oversettelse av informasjonsmateriell, instruktør, leie av lokale, m.m.

Ordningen varer til og med 23. juni 2023 og har søknadsfrist 28. februar 2023. Søknadene behandles løpene og det er kort behandlingstid, så det er bare å kaste seg rundt!

Les mer om støtteordningen her, lenke:
Kulturfellesskap med ukrainske flyktninger
- Prosjekt (musikk.no)

Gå direkte til søknadsskjemaet her, lenke:
Kulturfellesskap med ukrainske flyktninger
- Insights (stotteordninger.no)

KONTAKTINFORMASJON:
inkludering@musikk.no
tlf. 22 00 56 00



Magasinet Folkemusikk

Tidsskriftet Folkemusikk kjem ut fire gonger i året, og kvart nummer har 100 sider. Du får intervju, reportasjar, kronikkar, fagartiklar, platemeldingar og mykje anna frå heile Folkemusikk- og Folkedans-Noreg!

Magasinet er stadig på jakt etter spanande innhald frå heile landet. Kanskje skjer det noko ditt lokalmiljø som de tenkjer kunne våre fint stoff for magasinet?

Dersom de har andre tips eller innspel så de og gjerne ta kontakt med redaktør Audun Stokke Hole

redaksjon@folkemusikk.no




Snapchat - Folkemusikk Norge

Folkemusikk Noregs eigen snapchat-konto!

Alle lag og medlemmar er velkomne til å låne kontoen!

For å få passord tek de kontakt med [Liv Annette i administrasjonen](mailto:livannette@folkorg.no) (livannette@folkorg.no)



FOLKELARM

16.-19. november

www.folkelarm.no

LANDS FESTIVALEN  Førde 2023
I GAMMALDANSMUSIKK 2. - 6. august
Følg med på www.landsfestivalen.no

LANDS KAPPLEIKEN  Lom 2023
21. - 25. juni
Følg med på www.landskappleiken.no

Kontakt oss gjerne!

Du finn kontaktinformasjon til styret og administrasjonen her på nettsidene våre (lenke).

FOLK 100
ORG 1923 2023
www.folkorg.no

